Kolltveit skule

# Referat frå møte i samarbeidsutvalet 25.04.2024

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dok. ref.:** | | **Møtedato/ Tid:** | 25.04.24<br>18:00 |
| **Stad:** | Kolltveit skule | **Møtenr.:** | 2/2024 |
| **Referent:** | Odd-Erik Kjeldstad, rektor | | |
| **Til stades:** | Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Anne Haugro, Silje-Marie Guleng Lie, Vilde Indrevik, Stine Guleng Lie, Sara Helene Tøsse | | |
| **Forfall:** | Anne Lise Hjartåker | | |

## SAKSLISTE

| Tema | Saker | Oppfølg. |
|---|---|---|
| | **Faste saker** | |
| **Saker frå skulen** | **Mobilforbod i skulen:**<br>Rektor la fram sak frå førige møte vedrørande nye reglar om mobilfri skule. Saka vart drøfta og fleire tilhøve vart trekt fram:<br>Frå fau vart tryggleik for elevar samt ynskje om å fjerna mobiltelefonen som eit forstyrrande element trekt fram.<br>Elevrådet frykta at særleg filming kunne skapa utrygge situasjonar for elevane på skulen og ynskja mobilhotell.<br>Tilsetterepresentantane meinte at ordninga slik den har vore har fungert, men at dei såg ei utvikling der fleire elevar tøya grensene og tok i bruk telefonen i friminutt og i garderoben.<br>Administrasjonen meinte dei kunne finne gode ordningar for handtering av mobilhotell. Samarbeidsutvalet fatta til slutt endeleg vedtak om innføring a mobilhotell på Kolltveit skule. | Rektor<br><br>Rektor |
| | **Kantine**<br>Skulen la fram forslag om å gjennomføre to kantinedagar for elevar pr. skuleår, ein på hausten og ein på våren. Det er elevrådet som skal stå for kantinen som skal tilby to halve runstykker pr. elev+ moglegheit for å kjøpe drikke (juice eller sjukomelk). Fau står for innkjøp av rundstykker, pålegg og drikke. Katina skal ikkje ha overskot, og elevane skal betale med kontantar. Skulen sender info til foreldra i god tid. | Fau/ skule |
| | **Stafett for livet**<br>Skulen informerte om at Kolltveit skule har meldt seg på «skulestafett for livet» i regi av kreftforeininga. Elevane skal gå/springe i 24 minutt til inntekt for kreftforeininga 15. mai. Skulen har invitert ordførar, Hans Jarle Einarsen og Benjamin Torsvik, og dei har sagt dei vil stille. | Rektor<br>Silje |

| | | |
|---|---|---|
| | **Trafikksituasjonen**<br>Positiv merksemd rundt situasjonen på Bildøy etter at skulen og fau løfta saka til vestnytt og politiet kom på bana med kontrollar. Skulen hadde møte med Sotra Link i veka med kort frist. Kolltveitvegen vert stengd mellom 6.-12.mai – men ferdig til 17.mai. Skulen vil informera om situasjonen i veka før.<br><br>Seinare i vår vil det bli stengd nede i Bildøybakken, noko som vil skapa ytterlegare problem for tilkomst til skulen. De vil bli eit nytt møte Sotra Link der FAU blir invitert. Rektor vil kreve buss for elevane frå Bildøy dersom arbeid medfører risiko for elevane når dei skal gå til skulen.<br><br>Politikarane har hatt møte om situasjonen. Det er mykje tungtrafikk på dagtid. Vilde melder inn til kommunen at vi er bekymra, særleg for dei mjuke trafikantane, men og for eventuell utrykning til skulen. Ei gladnyheit oppi alt er at skulen får nytt støygjerde på skuleplassen samt nye vindauge i paviljongen.<br><br>**Diverse saker.**<br>-Planlegging av nytt skuleår er i gang. Elevtalet går ned med over 20 elevar på Kolltveit, noko som får betydning for ressurssituasjonen.<br>-I gymbygget i kjeller manglar det rømmingsskilt, men vil bli montert ila mai. | Fau<br><br><br><br><br>Rektor<br><br><br><br><br><br><br><br>Politisk represent ant. |
| **Saker frå FAU** | **Sikringsskap i Fau-boden.**<br>Det er ikkje i bruk og blir ståande.<br><br>**Basketkorg på uteområde.**<br>Fau meldar om at det kjem ny basketkorg, samt nye nett til fotballmåla.<br><br>**Lukt i garderoben gymsalen.**<br>Det er avklart at det ikkje lenger luktar i jentegarderoben i gymbygget.<br><br>**Fotballbinge frå FAU**<br>Ønske om å få laga ein fotballbinge, kan FAU gjere det? Rektor sjekkar reglar med drift. Ein ynskjer eit dekke som kan brukast til skøytebane, evt. bandy,<br>Skulen setter stor pris på initiativet til Fau.<br>Merknad på drenering på lillebanen på miljørettahelsevernrunde, Fau har god økonomi<br><br>**Utebod**<br>Oppstart bygging etter 17.mai. | <br>FAU<br><br>Fau<br><br><br>Rektor<br><br><br><br>Fau/<br>Rektor<br><br><br><br><br><br>Fau |
| **Saker frå Elevrådet** | **Greiner i vegen.**<br>Utbetra | <br>Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | **Tauene i gymsalen er øydelagt.**<br>Taua vil bli stengt, feil på oppheng,<br><br>**Større UFO-huske**<br><br>Skulen sjekkar kvifor det blei hengt opp mindre | Rektor<br><br><br>Rektor |
| **Saker frå SFO** | Ikkje grunnlag for å auka matpengane, skulen held budsjettet,<br>Sak om matpengar på SFO blir utsett til hausten | SFO |